

**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Reknes Byggjevarer LL

Selvåg  
5986 HOSTELAND

<b>Dykkar ref.</b>	<b>Sakshandsamar:</b> Benjamin Hicks
<b>Vår ref.</b> 2013/1762 - 0 - 1323/2014	<b>Telefon</b> 56375000
<b>Arkivkode:</b> 102/4	<b>Dato:</b> 20.01.2014

**Mottatt klage - gbnr 102/4 Vabø - bustad**

Vi syner til vedlagt klage datert 07.01.2014 frå Fylkesmannen i Hordland.

Klagen blir handsama av Plan- og Miljøutvalet. Vi ser for oss at klagen kan bli handsama ved neste plan- og miljøutvalsmøte. Klagehandsaminga kan føre til at vedtaket i utvalssak nr. 167/13 blir omgjort, jf. forvaltningsloven § 33 andre ledd. Plan- og bygningsstyresmaktene kan avgjere at klagen skal gjevast utsett iverksetting, jf. forvaltningslova § 42. Dette betyr ein utsett iverksetting av det omsøkte tiltak inntil klagesaka er endeleg avgjort. Så lenge klagen er gjeve utsett iverksetting, vil det ikkje bli gjeve igangsettingsløyve sjølv om alle vilkåra i rammeløyvet er stetta.

Plan- og bygningsstyresmaktene har avgjort å gje klagen utsett iverksetting. Vi meiner at klagen er av ein slik art at klagehandsaminga ikkje vil bli reell dersom tiltaket vert tillete sett i gang før det ligg føre ein endeleg avgjerd i klagesaka. Dette er grunna med at klagen inneheld moment som plan- og bygningsstyresmaktene finner grunn til å vurdere før igangsettingsløyve vert gjeve.

Det går fram av saksutgreiinga i utvalssak nr. 167/13 at «Administrasjon vil skrive til søkjar om manglande dersom det vert gjeve dispensasjon». Dette vil nå vere gjort når klagesaka er endeleg avgjort.

Denne avgjerda er fatta etter ein førebels vurdering av klagen og inneber ikkje noko realitetshandsaming av klager sine merknader. Avgjerda om oppsetjande verknad er ikkje eit enkeltvedtak som kan påklagast etter forvaltningslova sine reglar, men spørsmålet kan bringast inn for fylkesmannen på eige initiativ.

I medhald av forvaltningslova skal partane vert gjeve høve til å kommentere klagen før den vert teken opp til handsaming. Eventuelle kommentarar må sendast til kommunen innan to veker. Etter det vil saka bli handsama vidare på grunnlag av dei opplysningar som ligg føre.

Viss plan- og bygningsstyresmaktene ikkje tek klagen til følgje, blir den sendt vidare til fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Med helsing

Siril Sylta  
konstituert fagleiarBenjamin Hicks  
rådgjevar

Kopi til:

Thomas Fjellsbø Svehaugane 6 5955 LINDÅS